



Kinsarvik/Fjordveg-regionen 2024

INVITASJON TIL MEDLEMSKAP I FJORDVEGEN RIKSVEG 13 FOR BEDRIFTER OG FORENINGAR

Fjordvegen Riksveg 13 arbeider for trygg og rassikker Riksveg 13 samt for reiseruteutvikling på denne indre hovudferdselsåra gjennom to fylke; Rogaland og Vestland frå Stavanger til Sogndal.

Me har sidan 1995 arbeidd for og oppnådd fleire milepælar i arbeidet for rassikker og trygg, effektiv riksveg for indre vestland. Foreninga Fjordvegen Riksveg 13 er politisk styrd men er partipolitisk nøytral. Styret har med ein representant frå næringslivet.

Fjordvegen Riksveg 13 har som medlemmer; to fylkeskommunar og 11 kommunar frå Stavanger i sør til Sogndal i nord, men og næringsforeningar og mest større private bedrifter. Me ønskjer å auka bedrifts-engasjementet for større styrke og breidde samt å få fram næringslivet sine behov og gode argument i dette viktige arbeidet.

Vår årskonferanse er blitt viktig, med innleiarar og debattantar frå toppolitisk nivå i god blanding med store og små bedrifter og lokalt og regionalt politisk nivå. Konferansen er open for alle og er blitt hovudarena for å løfta og debattera riksveg 13 og indre vestland sine behov for betra samferdsel og samfunnsutvikling. Årskonferansen og årsmøtet 2024 er 4. mars på Flesland.

Foreninga er aktive i høve oppfølginga av vedtatt Nasjonal transportplan samt revisjonen av denne fram til behandlinga våren 2024. Me har elles løpende kontakt med Statens vegvesen og Nye Veier AS m.a. for dei strekka av riksveg 13 som har vedtekne utbyggingsmål i ny NTP. Nasjonal rassikringsgruppe er det og naturleg å ha tett samarbeide med, samt å få fram ny forsking og kunnskap om naturfare og nye tekniske løysingar for rassikring.

Utfordringane knytt til auka klimarisiko og eit våtare og villare klima gjer rassikring enno meir viktig. Hyppig stenging av m.a. Vikafjellet aukar. Det gjeld og auka bruk av preventiv stenging grunna rasfare på andre strekk av rv13 (Ullensvang og Suldal særleg).

Riksveg 13 blei frå 2020 «ny»:

1. I sør er Stavanger nytt endepunkt frå 30. desember 2019 då Ryfylketunnelen mellom Stavanger og Strand opna.
2. I nord blei Rv 13 lagt om og fekk ny trase som riksveg frå ferjeleiet Hella nord for Sognefjorden og austover til Sogndal sentrum.
3. Vestland fylke vart skipa, og Rv 13 har no ein viktig funksjon som samanbindingsveg for indre del av dette storfylket. Det fysiske midtpunktet i Vestland fylke er også oppe på Vikafjellet.



Medlemsskap:

Fjordvegen Riksveg 13 driv ikkje kommersielt, men ønskjer ei breidde av private aktørar med tilknytning til Fjordveg-regionen og med interesse for betra samferdsel på eller tilknytta riksveg 13 velkomne med. Årskontingenget er låg, både for næringsforeningar og bedrifter.

Nye vedtekter: <https://fjordvegen.no/organisasjonen/vedtekter/> Røysting på årsmøtet: Jfr § 7.

Kontingent 2024 vedtatt på årsmøtet 25. april 2023:

Medlemskategori 1: Kommunar kr 45.000

Medlemskategori 2: Næringselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer kr 5.000

Medlemskategori 3: Næringselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer kr 2.500

Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette kr 5.000

Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette kr 2.500

Medlemskategori 6: Bedrifter med inntil 5 tilsette kr 1.000

Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune kr 200.000

Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune kr 120.000

Kategoriane for private aktørar er ikkje endra på fleire år. Det kjem ikkje mva på desse beløpa.

Vedtekten var reviderte på Årsmøtet 2024.

Kva får ein igjen:

- Prioritering i Fjordvegen Riksveg 13 sitt arbeid, invitasjonar til tematiske møte.
- Medlemsskrivet *Fjordveg-drøsen* blir tilsendt på e-post 3-5 ganger i året.
- Medlemspris for Årskonferansen og prioritert for innlegg her og på andre møte.
- Presentasjon på *fjordvegen.no* (t.d. i artiklar) om ein vil. Me deler gjerne medlemma sine innlegg på *Facebook-profilen om det har tilknytning til samferdsel og næringsutvikling*, og i publikasjonane til Fjordvegen Riksveg 13.
- Prioritering i offentlege presentasjonar og ved pressekontakt.
- Fjordvegen Riksveg 13 ønskjer å bli invitert og deltek på lokale møte som medlemma skipar til.
- Invitasjon på møte, m.a. på styret sin møterunde i Fjordveg-regionen kvart 4. år.

På www.fjordvegen.no finst informasjon om arbeidet, styret med portokollar og uttalar, vedtekter, kven som er medlemmer, vilkår og ikkje minst om vårt løpende arbeide i høve Nasjonal transportplan og andre prioritieringsprosessar. På facebook og instagram finst nytt frå samferdsel knytt til riksveg 13, fagmiljø innan samferdsel, medlemsaktivitet, og reiseliv i Fjordveg-regionen.

Me håper informasjonen er tilstrekkeleg for å verta medlem. Innmeldingsskjema er vedlagt.

Ta kontakt med våre styremedlemmer eller seniorkonsulent Hanne Sundbø, tlf 982 19 973, epost hanne@hagalid.net for spørsmål. Ho tek og imot innmeldingane.

Med vennleg samferdsels-helsing
Fjordvegen Riksveg 13

Marta Sofie Vange /s./
styreleiar

Hanne Sundbø /s./
seniorkonsulent